

Tal og fakta om kristen emigrasjon fra utvalde land i Midtausten

1. Oversikt over befolkning og kristen populasjon i utvalde land i Midtausten 2008*.

Land	Total Befolking	Talet på kristne i prosent	Kristen populasjon
Egypt	81,714,000	10%	8.1 million
Irak	28,211,000	3 %	846,330
Jordan	6,198,677	3%	185,960
Libanon	3, 971,941	30%	1,191,582
Dei palestinske områda	4,149,173	1.2%	50,000
Syria	19,747,586	5%	987,379
Israel	6, 500,389	1.7%	110,507
Totalt	189,871,766	7.1%	13,440,708

*Tala er henta frå den kristne palestinske sosiologen Bernhard Sabella og artikkelen “Christians in the Middle East: A New Role or Decline? Dr. Bernard Sabella February 15, 2008. Tala er basert på ulike kjelder. Estimata av kristen populasjon viser låge, snarare enn høge estimat.

2. Kristen emigrasjon fra ulike land i Midtausten¹

Libanon

Libanon har hatt to store bølgjer med emigrasjon. Den første bølgja skjedde etter borgarkrigen i 1860. Den andre starta under den 15 år lange borgarkrigen frå 1975-1990, då om lag 900.000 personar emigrerte. Emigrasjon har fortsett etter borgarkrigen, sjølv om tala ikkje er så høge som under borgarkrigen. Tal frå 1990-talet fortel at 20.000-30.000 emigrerer kvart år frå Libanon. Tidligare var det flest kristne som emigrerte, men sida 1990-talet, er det prosentvis fleire shia- og sunni-muslimar og druserar som har emigrert enn kristne. Canada er eit særskilt attraktivt land å emigrera til for libanesarar. I følgje det libanesiske konsulatet i Montreal bur det 250.000 libanesarar i Canada.

Majoriteten av dei som emigrerer gjer det fordi dei ikkje finn arbeid i Libanon. Årsak nummer to er den politiske og sikkerheitsmessige situasjonen. Libanon opplever også vesentleg immigrasjon. Dette gjeld særleg frå Egypt og Syria, men også frå Asia og andre land i Afrika. Nokre kjem for å arbeide (gjerne på dårlege kontraktar), mens andre kjem

¹ For ei omtale av situasjonen i Israel/Palestina, sjå saksdokumentet og artikkelen til Bernhard Sabella (2004) ”Palestinian and Arab Christians: The Challenges Ahead”.

som asylsøkjarar (Sudan, Somalia og Irak). I tillegg bur det mange palestininarar i Libanon, etter at dei flykta i samband med opprettinga av staten Israel.

Syria

Syria er eit land som både har hatt mykje immigrasjon og emigrasjon. Under den fyrste verdskrigen kom tusenvis av kristne familiar – for det meste assyrarar og syriske katolikkar – frå Tyrkia til Syria. Tusenvis av armenske familiar flykta også frå Tyrkia som ein følgje av den tyrkiske massakren på armenarane i 1915. Seinare har også syriakkar, kaldearar og kurdarar kome frå Irak for å busette seg i Syria. Årsaka til denne immigrasjon er at Syria har vore sett på som eit politisk, sosialt og økonomisk stabilt land.

I dei siste 20-30 åra av det 20. hundreåret har vi sett ein motsett trend, der 30 prosent av dei kristne har emigrert til Vesten og Latin Amerika. Dei fleste som emigrerer har allereie kontaktar i utlandet, særleg gjeld dette kaldearar og assyrarar, som har gode kontaktar i land som Sverige og Nederland. Det er 180.000 kaldearar og assyrarar i USA, 75.000 i Europa og 40.000 i Australia. Det er også mange gresk-katolikkar som har emigrert. Totalt er det i dag over 3 millionar gresk-katolikkar i Latin Amerika, Europa og USA. Talet har gått noko ned i det siste ti - femten åra grunna at det er vanskeligare å få visa. Mange frå Syria flyttar også til Libanon for å få seg arbeid.

Det er fleire årsaker til at folk flyttar frå Syria. Den primære grunnen ser ut til å vere at folk ikkje får jobb og ynskjer eit betre liv. Ein annan faktor er at det strenge regimet gir liten rom for politisk og sosiale fridomar. Nokre meiner også at det å leve som ein kristen minoritet i eit muslimsk land er ein årsak til at ein flyttar. Samstundes er historia i Syria eit døme på at det går ann å leve i fredeleg sameksistens på tvers av religionar.

Jordan

Jordan opplevde at mange av dei kristne forlét landet ved slutten av det 19. hundreåret og ved starten av det 20. hundreåret. Jordan har også teke imot mange immigrantar i det 20. hundreåret. Mellom dei to verdskrigane emigrerte mange frå Libanon og Syria grunna mangel på mat der. Etter andre verdskriga har Jordan teke imot mange palestinske flyktningar, både i forbindelse med opprettinga av staten Israel, seinare krigar i regionen og dei to intifadaene (1987-1993 og 2000-). I tillegg har Jordan teke imot immigrantar frå Libanon (borgarkrigen 1975-90) og frå Irak (1991 og 2003-).

Studiar av kvifor kristne flyttar fortel at därleg og usikker økonomi, kombinert med ustabile politiske forhold og høg arbeidsløyse er årsaker til å flytte. Har ein familie i utlandet, aukar sjansane for at ein flyttar. Dette gjeld også for muslimane. I ei undersøking i 2000 sa majoriteten av dei kristne at dei ville flytte, men at dei òg ville bli buande om dei økonomiske og politiske forholda betre seg og om det vart fred i regionen.

Jordan er eit døme på at dei kristne samfunna blir så små at dei er i ferd med å kollapse. Den ovannemnte studien frå Jordan viser også at jo mindre den kristne befolkninga blir i landet, desto større er sjansane for at dei kristne flyttar.

Egypt

Historisk har det i Egypt vore relativ liten emigrasjon. Det var ikkje før på 1970-talet at ei bølgje med emigrasjon starta i Egypt. I dag bur det ca 4 millionar egyptarar utanfor Egypt. Emigrasjon i dag er i stor grad motivert av høg arbeidsløyse, befolkningsekst og aukande levekostnader. Politisk undertrykking og brot på menneskerettane er andre viktige orsakar.

Situasjonen for dei kristne i Egypt har forandra seg stort etter at både England og Frankrike mista si betyding i landet etter den andre verdskrigen og etter krigane mot Israel. Den egyptiske nasjonalismen sin frammarsj og den aukande islamske fundamentalisme har fjerna mykje av det politiske og økonomiske grunnlaget for dei kristne i Egypt.

Amerika, Australia og Europa tel no over 200 koptiske kyrkjer, og omkring 8 % av koptarane bur nå utanfor Egypt. Mange av koptarane i diaspora, særleg i Nord- Amerika, har organisert ei røynsle som arbeidar mot den egyptiske regjeringa og om korleis regjeringa behandler koptarane. Dette har igjen resultert i harde angrep frå den egyptiske regjeringa på koptarane i Egypt.

Irak

Irak er for tida i ei unntakstilstand. Det var 1,4 millionar kristne i Irak i 1987, mens talet nå er nær halvparten. Dei kaldeiske katolikkane, som er det største kyrkjesamfunnet i Irak med ca 400.000 kristne, anslår at Iran-Irak krigen og Gulf-krigen resulterte i at 50.000 av dei kaldeiske kristne flytta frå landet. Dei kristne var også overrepresentert på statistikken over døde i krigane, noko som skyldtes at få kristne familiar hadde kontaktar på høgare nivå som elles kunne frita dei frå å vere frontlinjesoldatar. Etter Gulf-krigen og sanksjonane mot Irak har mange irakarar, inkludert dei kristne, forlate landet gjennom Jordan som transitt land. Kristne blei hardt ramma av sanksjonane sidan mange av dei arbeidde i sektorarar der det var restriksjonar. På midten av 90-talet utgjorde dei kristne 30 % av alle irakarar som forlét landet, sjølv om talet på kristne totalt ikkje var meir enn 4 % av befolkninga. I år 2000 vurderte den kaldeiske biskopen i Basra at av de 300 familiane som budde i byen i 1985, var det no under 500 att.

Saman med at visse vestlige land favoriserte kristne flyktningar, og at det fantes eit rikt og velfungerande kristens diaspora samfunn i utlandet, førte det til at mange kristne forlét Irak i løpet av 80- og 90- talet.

Etter den amerikanske invasjonen av Irak i 2003, har emigrasjonen frå Irak auka sterkt. Krigen i seg sjølve har ikkje medført store økonomiske skadar eller drepne sivile, men mangel på sikkerheit i landet som følgje av krigen, er det som har fått folk til å flykte. Dei kristne er i denne situasjonen særleg utsett (sjå elles beskriving i saksdokumentet). Nabolanda til Irak og ikkje minst kyrkjene son har eit betydelig humanitært arbeid for flyktningane opplever ei enorm utfordring å ta imot alle som kjem frå Irak. I dag bur det meir enn 1,5 millionar irakarar i Syria, om lag 700.000 i Jordan og 150.000 i Libanon. Mange bur i flyktningeleiarar, og mange er på veg vidare til eit vestleg land.

Kjelder

Bernhard Sabella (2008) “Christians in the Middle East: A New Role or Decline?”
Presentation for The San Egidio Movement, February 2008

Egil Fossum (2003) *Hos de kristne i Midtøsten. Fra Alexandria til Aleppo.* Oslo: Emilia

Mellemkirkelig Råd (2004) *Kirker i Mellemøsten. Årbog 2003-2004.*

CNEWA (Catholic Near East Welfare Association): Christian Emigration From the
Middle East. URL: <http://www.cnewa.org/generalpg-verus.aspx?pageID=126>